

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 31.10.2023

Vår ref.: 201503566-28 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om utsatt byggefrist for Ebebøfossen kraftverk i Gloppen kommune

NVE har motteke ein søknad frå Gloppen Energi AS om å få forlenga byggefristen for Ebebøfossen kraftverk med fem år, til 01.12.2027. Gloppen Energi AS fekk opphøveleg konsesjon til opprusting/utviding av kraftverket i NVE sitt vedtak den 01.12.2017.

Det følger av vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen at konsesjonær må starte bygging av kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, elles fell konsesjonen bort. NVE kan forlenge byggefristen éin gong med inntil fem nye år.

Søknaden om forlengd byggefrist til Ebebøfossen er tilgjengeleg på NVE sine nettsider: www.nve.no/8342/V.

Etter NVE si vurdering er ikkje saken så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Søknaden om forlenga byggefrist vert difor berre sendt på avgrensa høyring til Gloppen kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland fylke.

NVE skal no vurdere om det har kome inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør bli forlengd. NVE ønsker difor tilbakemelding på om det har oppstått nokre nye forhold som kan vera av betydning for konsesjonen sidan saka blei behandla i 2017. Vi ønsker også tilbakemelding dersom de veit om nye partar som saka vedkjem, slik at dei også kan få høve til å uttale seg.

Vi ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til uttalelse@nve.no.

Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

01.12.2023.



Med helsing

Brit T. Haugen
Fagleiar

Niklas Egriell
Seniorrådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Mottakarliste:

GLOPPEN KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

GLOPPEN ENERGI AS